

Skyss lyttar ikkje, no må me stå saman!

Til alle ungdomsråd i Vestland, samt Vestland Ungdomsutval.

Her i Kvam har me lenge prøvd å få til eit betre kollektivtilbod, både mot Bergen og internt i heradet. Men me sit att med ei kjensle av at me ikkje når fram til Skyss, slik vil me ikkje ha det.

I løpet av 2020 har me vitja mange av dei flotte kommunane i fylket vårt. Eg har prata med unge og gamle. Og alle seier det same. Det ein gong så stolte kollektivselskapet Skyss lyttar ikkje til oss.

Om me vil ha betre kollektivtilbod, nye ruter, konkrete koronatiltak eller berre ein god dialog, så er det vanskeleg å nå fram til dei. Det kan sjå ut som om dei ikkje tar våre innspel alvorleg. Dette er ikkje berre eit problem me har på fastlandet. I samtale med ungdomsrådet på Fedje uttalte dei sin frustrasjon over dei mange innstillingane til ferja ut til øysamfunnet.

I eit møte med Austevoll Ungdomsråd var saka om Skyss og kollektivtransport ei heit potet. Me vart samde om at me ville skriva lesarinnlegg og få med oss dei andre distriktskommunane i fylket. Eg har difor fylgjande spørsmål til dykkar ungdomsråd:

- 1. Har de hatt problem med kollektivtransport i dykkar kommune?**
- 2. Har de ting de vil ta opp med Skyss?**
- 3. Har de prøvd å kontakta Skyss/Kringom? Korleis gjekk det?**
- 4. Vil de bli med på ein felles uttale/ eller oppmoding der me prøver å få Skyss i tale?**

Om dette er interessant for ungdomsrådet i dykkar kommune å vera med på, så ber eg om at de tar kontakt så snart som mogeleg.

Beste helsing

Kvam Ungdomsråd